

VEDLEGG 2

INTERKOMMUNALE SELSKAP – IKS

01 – Nordfjord Miljøverk IKS (977 549 833)

Styreleiar: Sven **FLO**

Dagleg leiar: Inge Bent **ARNESTAD**

Organisasjonsform: Interkommunalt selskap - IKS

Kommunal representasjon i styret: Marit Elisabeth **LARSEN** (SP)


Gloppen sin eigardel: 13,44 %

FØREMÅL

Utføre kommunane sine oppgåver innan følgjande deler av avfallsbehandlinga:

1. Oppsamling, innsamling og transport av alle avfallstypar i kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for restavfall og fraksjonar som kan gjenvinnast.
3. Bygging og drift av innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomagring og vidaresending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast. Selskapet kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg.
4. Selskapet sine hovudoppgåver gjeld det forbruksavfallet kommunane har ansvaret for, men selskapet kan også drive innsamling, transport og behandling av produksjonsavfall og slam. Selskapet kan ta på seg alle oppgåver som høyrer naturleg saman med dei oppgåvene som er nemnde i pt. 1-4. Selskapet kan overta ansvaret for dei nemnde funksjonane gradvis etter nærare avtale med kommunane. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leigeavtalar med medlemskommunane eller private næringsdrivande.

EIGARSTRUKTUR



ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	102 736	98 268	93 233	89 073
Årsresultat	4 201	1 895	18	4 901
Eigenkapitalandel	21,40 %	13,70 %	11,50 %	18,80 %

Kommunal garanti (pr. 31.12.2024): Kr. 3 225 615,-

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Effektivisering av tenesteproduksjon (ref. pkt. 3, kap. 1.5.2)
Samfunnsøkonomisk motivert (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Nordfjord Miljøverk IKS utfører lovpålagt og effektiv renovasjonsteneste i eigarkommunane. Gloppen kommune skal framleis delta i samarbeidet. Nordfjord Miljøverk sitt hovudkontor og mottaksanlegg ligg i Eidsmona i Gloppen, og er såleis ei viktig verksemd i kommunen.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som eigar i Nordfjord Miljøverk IKS.

02 – Nordfjord Havn IKS (884 276 012)

Styreleiar: Kristian **SKIBENES**

Dagleg leiar: Kjell Magnar **FAGNA**

Organisasjonsform: Interkommunalt selskap - IKS


Kommunal representasjon i styret: Solveig E. Lien **GUSDAL** (SP)

Gloppen sin eigardel: 19 %

FØREMÅL

Nordfjord Havn IKS er opprettet for å samordne, planlegge, drifte og utvikle havnevirksomheten på vegne av eierkommunene. Nordfjord Havn IKS skal bidra til et samlet, kostnadseffektivt og konkurransedyktig havnetilbud i regionen. Havneanlegg og arealer skal disponeres med sikte på en best mulig ressursutnyttelse. Dersom havnen går med overskudd, skal overskuddet benyttes til å realisere havneformål. Det skal ikke foretas utdeling fra Nordfjord Havn IKS. Nordfjord Havn IKS skal ivareta de administrative og forvaltningsmessige oppgaver som ligger til de samarbeidende kommunene etter havne- og farvannsloven. Nordfjord Havn IKS kan etablere eierskap i annen havnetilknyttet virksomhet dersom dette er hensiktsmessig og til fordel for de samarbeidende kommunene.

EIGARSTRUKTUR



ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	53 995	57 058	45 706	20 355
Årsresultat	22 875	28 309	19 991	3 082
Eigenkapitalandel	65,70 %	61,40 %	56,60 %	30,80 %

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Effektivisering av tenesteproduksjon (ref. pkt. 3, kap. 1.5.2)
Samfunnsøkonomisk motivert (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Nordfjord Havn IKS utfører hamneverksemd på vegner av eigarkommunane. Gloppen kommune skal halde fram som eigar, og arbeide for auka hamneaktivitet i kommunen.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som eigar i Nordfjord Havn IKS.

Styreleiar: Trond **UELAND**

Dagleg leiar: Baard Helle **BOLSTAD**

Organisasjonsform: Interkommunalt selskap - IKS

Kommunal representasjon i styret:


Representantskapet: Jan Ove **RYGG** (H), Katrine Anita Haugerøy **HEGGELUND** (SV)

Gloppen sin eigardel: 50 %

FØREMÅL

Eige og drive bygga Trivselshagen skule og kultur og Trivselshagen bad og idrett, og leige desse ut til eigarane. Omfanget av drifta vert regulert i egne avtalar.

EIGARSTRUKTUR



ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	19 399	19 351	19 449	19 224
Årsresultat	226	60	713	1 246
Eigenkapitalandel	63,10 %	62,10 %	61,70 %	58,90 %

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Politisk motivert (ref. pkt. 2, kap. 1.5.2)

Samfunnsøkonomisk motivert (ref. pkt. 4, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Idretts- og kulturfasilitetane i Trivselshagen representerer ein stor samfunnsmessig verdi for Gloppen. Anlegget er kritisk for å kunne oppretthalde idrettsline ved Firda VGS. Eigarane er samde om at selskapet også skal utvikle Idrettsplassen med anlegg for løp og friidrett.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som eigar i TH Eigedom IKS.

Styreleiar: Petter **SORTLAND**

Dagleg leiar: Terje **BRANDSØY**

Organisasjonsform: Interkommunalt selskap - IKS


Kommunal representasjon i styret:

Gloppen sin eigardel: 5,55 %

FØREMÅL

Alarmsentralen sitt føremål er å vere eit respons-, tryggleiks-, og kompetansesenter for deltakarkommunane. Selskapet skal sikre gode tenester for innbyggjarane i kommunane prega av kvalitet, tryggleik, kunnskapsbasert og einskapleg behandling, tilgjengelegheit, service og god brukaropplevd kvalitet.

EIGARSTRUKTUR



ØKONOMI

Tal i 1.000 kr	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter				
Årsresultat				
Eigenkapitalandel				

KOMMUNEN SITT MOTIV FOR EIGARSKAP

Effektivisering av tenesteproduksjon (ref. pkt. 3, kap. 1.5.2)

KOMMUNEN SIN STRATEGI KNYTT TIL EIGARSKAPEN

Tenestene som vert utført av Alarmsentralen IKS for eigarkommunane, kan best utførast gjennom samarbeid mellom flest mogleg kommunar. Nokre eigarkommunar vurderer p.t. å gå ut av samarbeidet. Dersom dette skjer, må samla kostnader for medlemskap vurderast. Det bør også gjerast ei vurdering av om det kan vere teneleg å ta Alarmsentralen IKS inn i eit endå større samarbeid (t.d. heile Vestland fylke). Gloppen kommune vil medverke til at det vert arbeidd for ein mest mogleg kostnadseffektiv driftsmodell. Kommunen ser seg p.t. best tent med å halde fram som eigar i Alarmsentralen IKS.

Konklusjon:

Kommunen skal halde fram som eigar i Alarmsentralen IKS.